

# BOKN BYGDABLAD

NR. 10 - DESEMBER 1995 - ÅRG. 10

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

## MANGE UTFORDRINGAR FOR NY ORDFØRAR



### FRISK START

Sigrunn Hole Hosaas hadde ei frisk opning med ordførarhammaren då ho klubba det første vedtaket gjennom i det nye kommunestyret. Som om ho hadde kontroll over endå meir enn det ordførarrolla tilseier, så gjekk lys og straum tilsynelatande som eit resultat av klubbeslaget, og stearinlysa måtte fram. Mange muntre kommentarar blei serverte i den samanhangen.

Som seg hør og bør markerte den nye ordføraren tonen for den komande kommunestyreperioden ved at Venevil Birkelund hadde musikkinnslag før møtet i Allrommet.

### KVEN ER HO?

Men kven er Sigrunn - som uventa for mange nokså snart sto fram som den som var mest aktuell i ordførarstolen?

Ho er fødd i Klepp for 41 år sidan. Der budde ho på gard til ho var 9 år gamal då familien flytte til Bjørheimsbygd i Strand kommune, også der til gard. Ho føler at det var i Strand ho hadde barndomsheimen sin sjølv om ho budde dei første åra i Klepp. Dei er 5 søsken.

Faren var nokre periodar med i lokalpolitikken i Strand, for Senterpartiet, m.a. i formannskapet, så Sigrunn har altså arva noko der.

### 17ÅR I BOKN

Etter vidaregåande skule bar det til lærarhøgskule på Stord etter eitt år som lærarvikar på Vigrestad. Som mange andre traff også ho ektefellen sin, Arne, på lærarskulen. Til Bogn kom dei som nytilsette lærarar i 1978, og her har dei sidan bygd hus og slått seg til, begge aktive i politikk og anna lokalt arbeid - t.d. i idrettslaget Dei har tre barn i alderen 10, 12 og 15 år som alle er aktive i fotball.

framh. s. 2

## **MANGE UTFORDRINGAR...**

Med nokre pausar har Sigrunn hatt tilsetjing ved Bokn skule frå ho kom hit. Ho har undervist mest i fag som kroppsøving, forming, heimkunnskap og matematikk. Nå har ho delvis permisjon for å skjøtta ordførarvervet.

## **POLITIKK**

Av politiske verv har Sigrunn vore leiar av Bokn kulturstyre frå 1988-1991. Ho var då varamedlem i kommunestyret. I siste periode var ho i fylkestinget som utjamningsmandat frå Bokn. Ho var også med i hovudutvalet for opplæring i fylkeskommunen. Ho er framleis med i Høgskulestyret i Stavanger.

## **KJEND I BOKN**

Ut frå det høge røystetalet Sigrunn fekk ved valet, skulle ein tru at alle kjende henne godt. Det er det nok mange som gjer, særleg den yngre generasjon - sidan ho er lærar. Blant eldre som bur meir grisgrendt kan ein høyra at det er dei som ikkje veit kven ho er. Men det er vel ikkje så unaturleg, og vil nok retta på seg etter kvart.

## **RASK AVGJERD**

Sjølv seier Sigrunn at det var heilt uventa at ho skulle seila slik opp som ordførarandidat. Men konfrontert med valresultatet såg ho at ho måtte bestemma seg raskt. Utan den støtten ho hadde i valresultatet, partiet og særleg frå andre kvinner - ville det vore vanskelegare å seia ja. Omsynet til familien var svært viktig å ta med når avgjerda skulle takast. På

spørsmål om korleis ho skal greia oppgåva etter veteranen Leif Vatnaland svarar ho at det er ei stor utfordring ho har føre seg som ho må gjera på sin måte.

## **BUDSJETT**

Ifylgje den nye kommunelova skal det nye kommunestyret overta seinast 1.november. På den tida er det budsjettarbeid som tek det meste av tida. Mange av premissene for dette arbeidet var lagde av dei politikarane som nå gjekk av, slik at det blir ikkje så store endringar frå det som vert drive i dag. Kommunen er imidlertid svært avhengig av ytre forhold. Rammetilskot frå staten, lover og forskrifter er med og styrer det meste. Sigrunn gir uttrykk for at ho er blitt godt mottatt både av politikarar og tilsette, og trur ikkje folk skal merka dei store endringane på tenestetilbodet. Ho er opptatt av at folk skal trivast i kommunen, men det er litt skremmande at kommunen er prisgitt statlege støtteordningar i så stor grad for at tenestetilboda skal kunna oppretthaldast.

## **ER EG BOKNAR?**

Sigrunn seier at ho har budd lengre i Bokn enn nokon annan stad, men lurar på om ho kan kalla seg boknar? Det er vel lite truleg at ho hadde fått så mange røyster i valet viss folk ikkje meinte ho kunne representera boknarane på ein god måte. Så ho er vel boknar så god som nokon .

Den nye ordføraren ynskjer ei fredeleg julehelg til alle, og godt nytt år i 1996.

## ***SØKNAD OM FORNYING AV SKJENKELØYVE FOR ØL OG VIN TIL SLUTTA SELSKAP***

*Også ny søknad om salg av øl frå butikk frå Steinar Alvestad og Bokn Handelslag*

Både Steinar Alvestad og Finn Erik Drange har søkt om fornying av løyve til skjenking av øl og vin for 4 nye år til slutta selskap. Løyvet gjeld i dag i Steinar Alvestad sitt sjøhus i Alvestadkroken og ved selskapslokalet i 2. etasje ved Arsvågen ferjeterminal. Nåverande løyve gjeld ut mars 1996. Saka er sendt lensmannen for uttale og skal etterpå til behandling i kommunale organ.

### **ØLSALG FRÅ BUTIKK?**

Det er kome inn søknad frå Steinar Alvestad og Bokn Handelslag om ølsalg frå butikkane i Alvestadkroken og Føresvik. Også desse søknadene vert sende til lensmannen for uttale og vil få endeleg behandling i kommunen. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak i desse sakene på nyåret.

Då kommunestyret i 1994 vedtok å gi løyve til begrensa skjenking av øl og vin til Steinar Alvestad og Finn Erik Drange, var det ikkje den store dikusjonen. Det var det imidlertid over spørsmålet om salg av øl over disk, der kommunestyret med ei røyst overvekt gjekk mot fritt salg av øl over disk. Det er nå nytt kommunestyre, og tida vil visa korleis saka vil enda.

Distriktskommunar rundt Bokn som har salg av øl i butikkar er m.a. Vindafjord og Rennesøy. Karmøy har vedtatt å oppretta fleire kommune ølutsalg, medan Bokn sin næraste nabokommune - Tysvær - verken har salg av øl i butikk eller i eigne ølutsalg. Det vil imidlertid på nyåret koma opp ei ny sak i Tysvær om ølomsetning, då fleire butikkar har søkt om ølsalg.

## **MISTER BOKN LOKALT STASJONERT AMBULANSE?**

Bokn kommune har ut 1995 hatt avtale om å utføra ambulanseskjøring for Rogaland fylkeskommune som har ansvaret for all ambulanseverksemd i fylket. I ein tidlegare vedtatt plan for denne verksemda, låg det an til at ambulansebil stasjonert i Bokn skulle halda fram. Likevel har Fylkesutvalet nå vedtatt at ambulanseutøvinga frå Bokn skal opphøyra frå 01.01.96 og at ambulansebil i Haugesund skal

utføra ambulanseskjøringa frå Bokn. Grunngevinga er m.a. driftskostnader og at ambulansebil i Bokn har få oppdrag. Bokn kommune har tatt saka opp og bede om at ho får ny behandling med tanke på at ambulansebil framleis kan ha stasjon i tilknytning til helsesenteret i Bokn. Etter dei opplysningane ein nå har fått, kan det vera god grunn til å tru at saka blir tatt opp at til ny vurdering i fylkeskommunen.

## **MEDAN ARBEIDSLØYSA GÅR NED PÅ LANDSBASIS: OPPSEIINGAR OG PERMITTERINGAR I LOKALE BEDRIFTER**

### **OPPSEIINGAR VED BOKN BYGG**

Frå 1. desember har Bokn Bygg sagt opp 4 av dei 7 tilsette dei har hatt den siste tida. Annbjørn Bokneberg ved Bokn Bygg seier til bygdabladet at årsaka er både at byggeverksemda har minka ein god del, og at Bokn Bygg dei siste par åra har hatt så store oppdrag at dei måtte tilsetja fleire enn dei elles på det jamne har behov for.

Av dei 4 oppsagde er 2 frå Tysvær. Ein av desse var tilsett med kontorarbeid. Dei to snekkarane frå Bokn som er oppsagde arbeider nå på timar både for Bokn Bygg og for andre. Annbjørn Bokneberg seier at det er ikkje noko spesielt dramatisk i denne situasjonen, for byggeverksemda går i bølgedalar. På det jamne er det nok likevel ikkje


behov for så mange tilsette i Bokn Bygg som dei har hatt den siste tida.

### **PERMITTERINGAR VED BOKN PLAST**

Bokn Plast har sendt ut permisjonsvarsel for sine tilsette som skal gjelda frå Romjula og ut mars 1996. Det vil imidlertid ikkje bli meir enn 50% permisjon, slik at dei tilsette berre skal gå dagskift og ikkje kveldskift.

Gunnar Eide ved Bokn Plast seier til bygdabladet at ei av årsakene til permitteringa er at bedrifta har produsert nokså store mengder for lager. I tillegg har dei hatt mindre etterspørsel etter både septiktankar og gjødselsspreiarar.

Det er mange år sidan Bokn Plast har hatt permitteringar. Gunnar Eide seier at han ser på permitteringa som ein overgang .



## **BARN SAKNAR LYS PÅ BOKNASUND BRU**

Statens Vegvesen hadde planlagt lys på Boknasund Bru då ho vart bygd, og det er lagt til rette og er klart for dette i brua. På grunn av større kostnader enn berekna i Håklepp-tunnelen, var det ikkje midlar att til lys på brua. Nå har ei gruppe barn som brukar brua frå og til speidaren skrive brev om dette til Statens Vegvesen. Dessverre har me ikkje fått med underskriftene til barna fordi det ikkje hadde vore rundt til alle som skulle skriva under. Slik er brevet:

"Kjære Statens Vegvesen.

Eg skriv på vegne av fleire barn i Bokn kommune om lys på brua vår. Brua blei opna sommaren 1991 og har siden stått der uten lys. Eit av problema er når barn skal på speideren. Nokre av dei er redde for å gå over brua når det er mørkt. Det kjem ofte store lastebilar som køyrar i veldig stor fart forbi dei. Speidaren byrjar kl. 18.00 og varer til kl. 19.30. Det er ikkje alle foreldre som kan eller har tid til å køyra dei. Sjølv syklar eg til speidaren men eg ser ofte at yngre barn ikkje akkurat gledar seg til og gå over brua. Eg og fleire andre både barn og voksne meiner at det burde ha vore satt opp lys der for lenge siden.

Vi lurar på når dere skal sette opp lys på brua vår."

*Det lurar me også på, og kjem tilbake med Vegvesenet sitt svar seinare.*

## **NYTT HANDIKAPLAG FOR BOKN OG TYSVÆR**

I oktober i år hadde Norges Handikapforbund i Rogaland kalla inn til eit informasjonsmøte kor dei frammøtte meinte det var av stor betydning å ivareta interessene til dei funksjonshemma i kommunane Bokn og Tysvær ved å stifte eit lokallag av Handikapforbundet. Interesser som skal ivaretakast for dei funksjonshemma er m.a. å sjå til at dei funksjonshemma får tilfredsstillande transporttilbod, ulike omsorgstilbod som heimehjelp, heimesjukepleie o.l. Vidare går det på tilbod om råd og rettleiing om kva rettar funksjonshemma har ovafor

trygdeetaten og andre offentlege etatar, noko som mange synes er vanskeleg å finna fram i.

Målet til handikaplaget er full likestilling, likeverd og integrering i samfunnet.

Alle som ynskjer det, kan bli medlem i det nystarta Bokn og Tysvær Handikaplag. Det er ikkje noko krav å vera funksjonshemma for å bli medlem. Det er nok at ein har interesse for å støtta arbeidet.

Ta kontakt med leiaren av interimsstyret Gunn Thorsen på tlf. 52 77 73 51 dersom du er interessert.

## **TEST AV RØYKVARSLER**

«Røykvarslerens dag - 31. januar» nærmer seg.

Branndmyndighetene anbefaler skifte av batteri i røykvarsleren fast en gang i året og at dette blir gjort den 31. januar som en fast rutine.

Batteritest bør gjøres en gang pr. måned.

Brannvesenet kan skaffe testpinner.

Har du en slik pinne slipper du å stå på stol eller lignende for å teste batteriet.

Interesserte kan henvende seg til **brannsjefen, tlf. 52 74 85 00.**



## BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

TLF 52 74 85 00

FAX 52 74 86 77

# ***BOKN MUSIKKORPS***

Bokn skulekorps og Bokn Brass hadde ekstraordinære årsmøte 28. november med ei sak på dagsorden: samanslåing av korpsa frå 1996. Ikkje uventa blei det samrøystes vedteke i begge korpsa at Bokn kommune har eitt korps frå og med 1996, Bokn musikkorps. Dermed er Bokn skulekorps og Bokn Brass historie. Det nye korpset blir formelt stifta i januar 1996.

Tanken om å slå saman korpsa i Bokn er ikkje ny, men det er no i 1995 han har blitt realisert. Styrene og dirigentane for korpsa hadde felles styremøte 1. juni d.å. Ein del moment vedr. samanslåing blei drøfta. Dette blei lagt fram for samtlege korpsmedlemmer for avstemming. Det var full semje i styrene om samanslåing av korpsa, og det viste seg at også korpsmedlemmene slutta seg til tanken. Styrene hadde nytt møte i august i år der dei la halvårsplan for ein prøveperiode med det nye korpset.

Prøveperioden har etter tilhøva fungert tilfredsstillande. Drilltroppen og messing-aspirantane har instruktørar frå Karmøy og Haugesund, og det går ein del reiseutgifter her. Alle utgifter har blitt

fordelte likt på dei to korpsa i prøveperioden.

Dersom ein ser bort frå dei etablerte "konkurranskorpsa", er det ein trend over heile landet at korpsa er nede i ein bølgedal. Å spekulera i om det er samfunnsutviklinga der barn og unge sit heime foran PC'en eller TV - eller kanskje tar del i eit av dei mange fritidstilboda som er, har ikkje så mykje for seg. Faktum er at korpsa har hatt problem med aktiviteten sidan fastlandssambandet var ein realitet og etter at andre fritidstilbod voks opp i kommunen.

Det skal leggest til at det for tida er 10 aspirantar under opplæring. Dette er svært bra, men det går ei stund før dei forsterkar korpset. Problemet her er lærarkrefter framover - både med å få tak i folk og å tilby dei skikkelege arbeidsforhold. Eit ynskje frå korpsa er å få både dirigent og instruktørar samla under musikkskulen. Dette blir meir og meir vanleg rundt om i kommunane. Her ligg mykje av nøkkelen for å sikra Bokn eit korps i framtida.

- kulturleiaren -

**KOMMUNEDELPLAN FOR  
ANLEGG OG OMRÅDE  
FOR  
IDRETT OG FRILUFTSLIV  
1996 - 2005**

Høyringsutkastet til denne planen er lagt ut på Boknaton for offentlig ettersyn med høyringsfrist 18.12.95.

Planutvalet har bestått av ordførar Sigrunn Hole Hosaas, avdelingsing. Marit Irene Markhus, miljøvernleiar Olaug Askeland, leiar av Bokn idrettslag May Jorunn Vatnaland samt kulturleiar Jardar Havikbotn.

Denne planen skal nyttast som eit viktig arbeidsreiskap i å planbehandla utbygging av anlegg og område for idrett og friluftsliv.

Kulturdepartementet har innført krav om kommunal langtidsplan for idrettsanlegg og anlegg friluftsliv som føresetnad for tildeling av tippemidlar og statsmidlar for friluftsliv.

Spørjeskjema om idrett og friluftsliv er besvart av skuleelevar, aktive i Bokn idrettslag og andre innbyggjarar på enkelte kulturtreff rundt om i kommunen. Nyleg vedtekne **Miljø- og naturressursprogram** og **Vassdragsplan** for kommunen er med og dannar bakgrunn for friluftslivdelen i denne planen.

Opplysningar om stoda i idrettslaga og framtidssynskjer er innhenta i form av møter og telefonsamtalar.

**SUNDAGSTUR TIL FORTIDA**

Dette er tittelen på eit stort prosjekt som Arkeologisk museum i Stavanger (AmS) har. Museet har besøkt 17 kommunar siden starten i 1977, og publikum kjem frå heile fylket. Det er eit ynskje frå AmS at prosjektet blir lagt til Bokn den 25. august 1996, og det har alt vore eit møte mellom AmS og kommunen der me også var ute i naturen for å sjå på aktuelle område. Museet vil seinare avgjera kor det kan passa å ha eit slikt arrangement.

Hovudmålet med prosjektet er å formidla kunnskap om kultur og natur i Bokn gjennom tidene. AmS deltar m.a. med ca 15 stk. som vil stå for ei mengde aktivitetar i samband med **Sundagstur til fortida**.

AmS er avhengig av eit godt samarbeid med kommunen og lokale krefter. Her kan t.d. **Bokn Bygdeutvikling** koplust inn. Prosjektet kan gi ein positiv effekt for kommunen både gjennom turisme og markedsføring.

Dersom Bokn blir plassen for denne dagen neste år, vil dette bli det største prosjektet i 1996 - og det skal opprettast ei eiga prosjektgruppe i kommunen. Fleire opplysningar om **Sundagstur til fortida** kjem seinare.

- kulturleiaren -

# KVA MEINER BOKNAREN OM MILJØSPØRSMÅL?

HUGSAR DU SPØRJEUNDERSØKINGA SOM VART SENDT UT TIL ALLE HUSSTANDANE I SAMBAND MED AT MILJØPLANEN VART LAGT UT TIL HØYRING ??

Svarprosenten var låg - i underkant av 10 %. Mange syntes nok skjemaet var vel omfattande å ta fatt på. Men folket i Bokn fekk altså eit godt høve til å gi sin oppfatning av miljøsituasjonen i kommunen.

Generelt var dei svara som kom inn grundige og godt begrunna. Resultata vart lagt ved då planen vart handsama i den arbeidsgruppa som har stått for arbeidet med planen, før kommunestyret vedtok planen i juni 95.

Her er nokre av resultata som kom fram :

**Arealbruk** : 60 % av dei som svarte meinte at det er viktig å "spare" på utmarksareala i kommunen og at t.d vidare bustadbygging skal i hovudsak leggjast til allereie utbygde områder (eksisterande og eldre sentra i kommunen). Spredt bustadbygging skal i hovudsak vera knytt til næringsverksemd.

Under handsaminga av planen i kommunestyret vart punktet om at spredt bustadbygging i hovudsak skal vera knytt til næringsverksemd teke ut av planen. Kommunestyret gjekk imot det som fleirtalet var einige i under spørjeundersøkinga.

80 % meinte at kommunen må føre ei restriktiv haldning til utbygging av fritidsbustader/ hytter.

## **Naturvern** :

55 % kjenner til dei to sjøfuglreservata i kommunen (Brennevinsskjeret og Nautøy), 40 % kjenner til vernereglane som gjeld for reservata.

Mange nemner opp viktige områder for flora og fauna dei veit om i kommunen.

## **Friluftsliv** :

Dei viktigaste typane friluftsliv folk nemner er :

- fritidsfiske
- turgåing utmark og på turstiar.
- båtutfart

Dei viktigaste områdene for friluftsliv i kommunen folk nemner er:

- Vågaholmane m/ hummarparken
- Ognahavn
- Boknafjellet
- Loden
- Flø Sund
- Kongshavn
- Sandviksområdet
- Vardafjellet
- Vatnalandssområdet

Av tiltak for å betre mulighetene for friluftsliv nemner folk :

- inngå avtalar med grunneigarar/ merking av stiar/ parkeringslommer.
- spre informasjon om muligheter til friluftsliv og korleis folk skal opptre i naturen.
- betre organisert fiskekortsal i ferskvatn
- småbåthavn

## **Forureining** :

Folk vart spurde om kva dei trudde var dei største forureiningskjeldene langs kysten. Her svara dei fleste akvakultur og jordbruk, med kloakk deretter.




I ferskvatn trur dei fleste at jordbruket er den største forureiningskjelda og sur nedbør er nr.2.

65 % svarer at dei er villige til å delta i dugnad med våroppryddning i strandsona arrangert av kommunen.

Forhald folk meiner det bør rettast på :

- jordbruksutslepp/  
siloutslepp til vatn/bekker
- forureining frå akvaanlegg i Trosnavåg
- kloakk i Føresvik
- oppryddning i strandsona
- stoppa privat avfallsdumping
- tiltak for å stoppe gjengroing i Boknabergsvatnet
- informasjon om røyken frå Kårstø



#### **Avfall :**

70 % kjeldesorterar glas og papir. 55 % leverer inn spesialavfall. 45 % heimekomposterar. 10 % brukar det organiske avfallet til dyrefor. 35 % har levert varer til "gjenbruksrommet" på Hognaland.

#### **Luftforureining :**

Her holdt folk Kårstø som den klart største kjelda. Langtransportert forureining frå England/aust Europa var ein god nr. 2. Deretter kom bileksos og Norsk Hydro, Karmøy.

#### **Kulturminne :**

Nyare kulturminne som folk meiner det er viktig å ta vare på :

- Oksebåsen
- Fortet på Loden/ Klepp
- Bokn kyrkje
- Røykstova, kvernhuset m.m på Laupland
- Hummarparken på Vågaholmen

Andre kulturminner som folk meiner det er viktige å ta vare på :

- Fleire gamle hus, bl.a. på Vågshaug/ Laupland.
- Gamal smie med reimdrift i Føresvik
- Murane i Sunnalslandsstraumen
- Bokn museum på Håland

65 % kjenner til mange av dei fornminna som er nemd i planen.

#### **Nærmiljø :**

90 % er nøgd med det høve ein har til friluftsliv i nærmiljøet, men 65 % ynskjer også meir tilrettelegging (som turstiar, badeplassar, fleire leikeplassar).

Andre viktige tiltak i nærmiljøet som folk nemner :

- grendahus
- tursti Alvestad - Sandvik
- støtte til det lokale foreningslivet
- kulturkalender

## 18 ÅRS ALDERSGRENSE PÅ DANS

Innlegg til Bokn Bygdablad...

Diskusjonane var mangfoldige før Idrettslaget sin dans 28.10.95 med Cato Sanden's orkester og 18 års aldersgrense.

For all del har me ikkje gløymt at me har vore 15 - 16 år sjølv, men me må heller ikkje gløyma dei som er litt eldre.

På dei siste dansane har det vore ein del bråk både utafor danselokalet, og tildels inne. Det har kome bussar med ungdommar frå andre stader i distriktet, noko som har skapt litt trøbbel. Dei av dykk som vore vakter på desse dansane veit at det ikkje berre har vore skoi. Det har gått ut over parkerte bilar, skinnjakker er blitt stolne, osv.

Det er trist at dette har gått ut over Bokna-ungdommen, men det er ikkje enkelt å nekta «framande» og ikkje dei som «høyrer til» her.

Den siste dansen valde me å prøva å setja aldersgrensa opp til 18 år for å sjå om det vart forskjell. Me var førebudde på protestar; me blei m.a. trua med utmeldingar av medlemmer osv. (er det dansane som gjer at dei står som medlemmer - då er det ei misforståing ute og går..)

- Men dansen gjekk over all forventning med over 200 betalande - og ingen «sure miner». Vaktene hadde det greit, ingen opptøyer utanfor el.l. - Det heile gjekk veldig fredeleg føre seg. Kommentrane etterpå gjekk på at det var skoi -

«som ein goe gamaldags dans før i tiå».

Me har ikkje vedtatt at det skal vera 18 års grense på adle dansane våre nå, dette var ein prøve. Ein ide kan vera å ha annakvar dans 15 og 18 år..? Fleire stader vert det praktisert at laget sine medlemmer frå 15 år har adgang til 18 års arrangement.

Elles slit me veldig med å få vakter til dansane våre. Dei fleste meinte det var lite med berre to dansar i år, men kor er dei når me treng vakter?

Viss haldningane blir slik framover står me i fare for å ikkje kunna arrangera dans i det heile tatt. Styret klarer ikkje dette aleine - då hadde me blitt fort «utbrende». Dei som har vore med og arrangert dans før, veit at det er mykje førebuing som må gjerast før eit slikt arrangement, og ingen ting vert gjort av seg sjølv.

Dei som stiller som vakter får som ei lita oppmuntring invitasjon til neste dansen vår m/ fylgje. Me er veldig takknemlege for dei gode vaktene me har hatt. Dei gjer ein flott innsats. Dessverre er det få som stiller opp igjen....

Styret i Bokn Idrettslag  
v/ May Jorunn Vatnaland





# Bokm folkebibliotek

## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30

ONSDAG : 16 - 19.00

TORSDAG: 10 - 13.30

## LESETIPS FOR SMÅ OG STORE I FØRJULSTIDA

Aspeli, Widar:  
Desembergata 24

Beskow, Elsa:  
Petter og Lottes jul

Bestemors julebok for de små

Bø, Olav:  
Vår norske jul

Dickens, Charles:  
Et julekvad

Ellingsen, Svein:  
Vårt øye ser mot Betlehem

Familiens julebok


Kirkegaard, Ole Lund:  
Jeg og bestefar - og Nisse-Nils

Lindgren, Astrid:  
Juleferie er et godt  
påfunn, sa Marikken

Jul i Bakkebygrenda

Nordqvist, Sven:  
Julegrøten

Pilkington, Brian:  
Bestefar julenisse



BIBLIOTEKET ER STENGT I  
TIDA 20.12.95 - 03.01.96



# God jul

# **PRØVEPROSJEKT MOT BRYSTKREFT**

## **KVINNER I BOKN MELLOM 50 OG 69 ÅR BLIR INNKALLA TIL MAMMOGRAFISCREENING NESTE ÅR**

Sosial og helsedepartementet har bestemt at det skal setjast i gong prøveprosjekt mot brystkreft ved mammografiscreening av kvinner i alderen 50 - 69 år i Rogaland, Hordaland, Oslo og Akershus.

Prosjektet er alt starta opp. Når det gjeld kvinner i Bokn i den aktuelle aldersgruppa, vil innkallinga starta litt ut i 1996. Undersøkinga her i nordfylket vil foregå ved Fylkessjukehuset i Haugesund.

Prosjektleder i Rogaland er Karin Sollid ved Sentralsjukehuset. Ho seier til bygdabladet at brystkreft er den vanlegaste kreftforma hos kvinner. Undersøkingar som er gjort i andre land viser at dødeligheten ved brystkreft minkar når ein oppdagar kreft på eit tidleg stadium. Det er difor viktig med tidleg oppdaging, då prognosen er betre dersom behandling kan setjast i gong med ein gong.

Målsetjinga ved dette prosjektet er å redusera dødeligheten med 30 %. Karin Sollid seier at det er svært viktig at dei kvinnene som får innkalling møter. Det må betalast eigenandel ved undersøkinga som ved vanleg legekonsultasjon.

Det er første gong at det vert foretatt slikt prøveprosjekt med mammografiscreening i Norge. Meinnga er at det seinare vil halda fram slike undersøkingar av kvinner i desse aldersgruppene. Når dette prøveprosjektet er over etter 2 år er det meinnga at det skal foretas undersøkingar av kvinner i aldersgruppa 50 - 69 år annakvart år.

Karin Sollid seier at undersøkinga så langt her i fylket har gått fint. Dersom det trengst vidare undersøking av dei som har vore til mammografiscreening i Haugesund, vil dei bli innkalla til Sentralsjukehuset i Stavanger som har meir ekspertise på området.



## ***DÅRLEG TILRETTELAGT FOR SMÅBARN I HAVNAVEGEN?***

Det meiner i alle fall 9 unge par i området nord for Knarholmen som i eit brev til Bokn kommune spesielt klagar på trafikksikringstiltak i dette byggefeltet. Dei nemner at det i reguleringsplanen står at det skal setjast opp gjerde langs riksvegen, at det skal koma fartsdemparar og gangvegar i trafikkområda i feltet, og at leikeplassen skal vera opparbeidd før bustadene vert tatt i bruk. Dei skriv vidare at feltet er i god utvikling med fleire nye hus, og mange mindreårige spring ut i den trafikkfarlege grusvegen. I mangel av leikeplass går barna opp mot skogsområda mot riksvegen. Dei hevdar at eksisterande leikeplass nord i feltet er livsfarleg for småungar. Dei saknar eit sosialt samlingspunkt for dei minste. Foreldra skriv vidare at det er mange

bilistar som råkjører på veggen gjennom feltet, slik at fleire er redde å sleppa ungane ut. Brevskrivarane minner elles om at eit nytt felt i Føresvik fekk både 'det ene og det andre' hausten 1994, og dei skjønar ikkje at eit felt som var påbegynt etter det feltet dei bur i, blei prioritert når det heller ikkje er så trafikkutsett.

I svarbrev til bebuarane skriv teknisk sjef for Bokn kommune at kommunen tar kritikken til etterretning, og beklagar at trafikktryggleiken er mangelfull. Spørsmålet om ferdigstilling av feltet har vore drøfta ved fleire budsjettbehandlingar, men det er ikkje avsett nok midlar. Også i inneverande budsjett har teknisk etat foreslått å setja av midlar til vegar, leikeplass og lys i dette området.

## ***HANDBALL ER 'IN' FOR JENTENE VED BOKN SKULE***

I skulecupen i handball har jentene i Bokn 4 - 6 klasse vunne dei to første kampane i klasse uøvd.

Første kamp i Haraldshallen: Førre - Bokn 4 - 9  
Andre kamp i Håvikhallen: Bokn - Kvalavåg 6 - 5

Bokn skule er best av dei påmelde i region Nord og går truleg til finale mot eit lag frå sørfylket over nyttår.

## **JULEDEKORASJONER**

Flotte juledekorasjoner pryder i disse tider hjemmene våre.  
Brannsjefen tør minne om at det dessverre skjer mange branner i Norge som følge  
av levende lys i dekorasjoner.

La oss slippe slike ulykker i Bokn.

Ha en branntrygg

GOD JUL

Brannsjefen

## **HJORTEJAKTA ER OVER**

**HEILE KVOTEN ER IKKJE TATT**

Det manglar nokre få dyr på at heile kvoten på 23 hjortar er skotne i haust.

Når det gjeld rådyr, er det ein fellingskvote på 25 dyr. Her er ein god del tatt til nå, men her kan det fellast dyr heilt fram til julafta. Ein reknar difor med at det framover vil fellast ein del av dei rådyra som er att av kvoten.

### **TRAFIKKFARLEG**

Rett før helga var det ei trafikkulukke på Rv 1 sør for Knarholmen p.g.a. at ein hjort eller eit rådyr sprang over vegen. To bilar vart kraftig ramponerte ved at ein av dei kolliderte med den andre for å styra unna dyret. Til alt hell vart ikkje personskadane så store som dei kunne ha blitt., men det syner kor lett det kan bli ulukker p.g.a. dyr som kryssar vegen. Fleire trafikkulukker og nesten-ulukker har skjedd sidan vegen kom over Bokn, men det er vanskeleg å førebyggja dette. Skilt er sette opp om dyr i vegen.

## **LØYVE TIL OMBYGGING AV SJØHUS I ALVESTADKROKEN**

Forvaltningsstyret som bygningsråd har gitt prinsippielt byggeløyve for ombygging av sjøhus til bygning for utleigeverksemd. Det er Tor Alvestad som har søkt om løyve til ombygging av sjøhuset som ligg vegg i vegg med Steinar Alvestad sitt ombygde sjøhus i Alvestadkroken.

Dersom ombygginga skal realiserast vert det krevd ny byggemelding med m.a. planteikningar, brannteknisk løysing og løysing på

parkeringsdekning i tilknytning til bruk av eventuell utleigeverksemd. Den teikninga som nå er framlagd er difor ikkje nødvendigvis den løysinga som vert endeleg dersom planane vert realiserte.



FASADE MOT SJØEN

## **TANNHELSETENESTA HELD FRAM I BOKN**

Det gjekk ei tid rykter om at tannlegekontoret i Bokn saman med andre distriktstannlegekontor som hadde mindre enn 50% tannlegestilling skulle leggjast ned. Etter det som nå er skjedd ved fylkeskommunen si budsjettbehandling, er det vedtatt at tannlegetilbodet skal halda fram som før for Bokn sin del og dei fleste andre mindre tannlegekontor i fylket. Kontoret på Utsira er nedlagd.

### **BARNETRIMMEN**

Det blir juleavslutning for barnetrimmen tysdag den 12.12. kl. 16.00 for begge partia. Ta med noko å drikka!

### **TAKK FOR BIDRAG**

På slutten av året vil bygdabladnemnd og redaktør takka alle som har bidratt med innlegg til bladet. Me set svært stor pris på dette.

### **TORSKERUSER TIL SALGS**

Doble m/fire ringer kr. 700,-  
Enkle m/fire ringer kr. 400,-

Tlf. 52 74 85 46

### **BOKN RØDE KORS**

takker alle som kom og var med å tenne julegranen. Årsalget innbragte kr. 5.450,50 som går til sykehjemmet.

### **480 BYGDABLAD**

Det er nå omkring 150 betalande som abonnerer på Bokn Bygdablad utanbygds. Dette er ein netto auke frå i fjor på ca 20. I tillegg vert det sendt ut ein del til bibliotek, andre aviser m.v.

I Bokn blir det sendt ut 290 eks. til husstandane. Totalt vert det kopiert opp 480 eks. bygdablad av kvart nr.

Hjertelig takk for oppmerksomheten på min 80-års dag.

**Othilie**

## **BOKN BYGDABLAD**

### **UTGJEVAR:**

Bokn kommune,  
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00  
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01

Bankgirokonto 3373 07 00305

### **BYGDABLADNEMND:**

Ingunn Våge, Arvid K. Jøsang,  
Liv Vatnaland

**REDAKTØR:** Reidar Alvestad

### **ABONNEMENT:**

Gratis til alle husstandar i Bokn

Utanbygds: kr. 100,- pr. år

### **ANNONSEPRISAR:**

Heilside: kr. 400,-

Halv side: kr. 150,-

¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-

Små privatannonser: KR. 10,-

### **FRIST FOR STOFF:**

Den 20. i kvar mnd. 10 nr. årleg.

### ARRANGEMENT:

- 12.12: Juleavslutning for barne trimmen. kl.16. Ta med noko å drikka!  
13.12: Adventsfest for eldre på Bokn skule kl.17.30  
17.12: Sundagsskulane har juletreffest på Bokn Bedehus kl.14.00.  
20.12: Juleavslutning, Bokn skule  
27.12: Juletreffest, Bokn Bedehus  
29.12: Juletreffest-Bokn Bedehus - arr: Frelsesarmeen

#### **LENSMANN**

*Første fredag i kvar mnd.  
kl. 10.00 - 12.00 i Boknatun*

#### **LANDBRUKSKONTORET**

*Kvar fredag kontordag i Boknatun*

**Miljøvernleiaren** i Bokn har kontortid måndagar, tysdagar og halv dag på onsdagar

**Ordføraren** er å treffa på Boknatun torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

#### **SILOBALLAR**

til salgs

tlf. 52 74 85 34



- 17.12. kl.11: Gudsteneste v/Arne Aurdal. Nattverd. Offer til Lærerakademiet.  
24.12: (Julafta) Gudsteneste kl.14.00. v/Arne Aurdal. Offer til Kirkens Nødhjelp  
26.12: Gudsteneste kl. 11.00 v/ Arne Aurdal. Offer til NMS.  
07.01: Gudsteneste kl. 11.00 v/ Arne Aurdal. Offer til Santalmisj.  
21.01: Gudsteneste kl. 11.00 v/ Arne Aurdal. Offer til Bibelselsk.  
28.01: Årsmøte i kyrkjelyden på Bokn Bedehus kl. 19.00.

#### **SALG AV JULETRÆR**

Bokn Røde Kors Hjelpekorps har salg av juletrær.

For bestilling kan henv. skje til Torleif Tollaksen -  
tlf. 52 74 83 59.